

GÅPROSJEKT I REGN VÆR



På Sinnes Skule er det nå sett i gang eit gå-prosjekt. Dette går ut på at klassane kvar for seg skal prøva å gå mest mulig i løpet av ein viss periode. Det pågår i fyrste friminutt kvar torsdag, om ein ikkje er på skulen, eller velger og ta dette seinare, er det også mogeleg å gjera det på fredagen, same tidspunkt. Andre gongen me gjekk hadde det regna kraftig fleire dagar i strekk. Mange måtte vassa over eit lite jorde. Nokon hadde dårlige sko.

Dei prøvde å hoppa som kenguruar. Gjerde var mest under vann, og jorda var sorpete. Men dette stoppa ingen, for heile 51 elevar gjekk denne Torsdagen. Fleire syntest bare det var morosamt med litt vatn. Turen tar om lag 15 minutt om du går i sakte tempo. Det tilsvarar altså eit friminutt. Klassen som går mest, vil få ein premie på 200 kr pr. elev. Deltaking vil gå på prosent, så om ein er få, eller mange i klassen, har ingen ting og seia. Det vil bli to periodar med onkurrans; Ein før vinterferien, og ein etter. Begge gongene kan klassen vinne 200 kr pr. elev. Enkelt-elever som går kvar gong, vil også få ein liten premie til seg sjølv. Denne er ikkje bestemt ennå. Det er Wenche



Kvæven som styrer prosjektet, men det var elevrådet sin idè om ikkje alle elevane kunne møtast om morgonen. Dette gjev nok energi til å jobba bra resten av dagen.

Emilie Schei, 6 klasse.